



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Notat 2-2012

Kulturminne

Arlen Bidne

Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.1 Kulturminne på Ornes

Ornes er rik på kulturminne frå eit stort tidsspenn. Det er gjort mange funn, undersøkingar, rapportar og forskning som er gode kjelder til kunnskap om området. Mange av kulturminna er synlege, og representerer ulike tider. Fagrapport 1-2009 har ein omfattande gjennomgang av mange av desse, samt referanse vidare til andre dokument. Det vert difor vist til kap. 4.3 i fagrapporten for nærare omtale. Nedanfor vert det kort summert opp og eventuelt supplert. Det gjeld serleg oversikt over SEFRAK-bygg og andre nyare tids kulturminne.

1.1.1 Kulturminne gjev karakter til eit område

Korleis ein har brukt naturen og tilpassa den til dei ulike behova menneska har hatt har alltid vore med på å forma landskapet i større eller mindre grad. På Ornes finn me kulturminne frå eit svært langt tidsperspektiv som gjev oss kunnskap om korleis samfunnet var, kva ein livnærte seg av og spor etter religionsutøving. Vi finn her ei tidsdjup på eit par tusen år frå dei to gravhaugane via Høgesteinen og stavkyrkja til nyare tids kulturminne i form av bygningar, dagens kulturlandskap og tekniske strukturar frå både eldre og nyare tid. Kulturminna har vore med å forma landskapet og gjennom dei får me kunnskap om Ornes, samstundes som dei bidreg til å opplevinga av å kome til Ornes og stavkyrkja.

Kulturminna sine rollar

Kulturminna gir Ornes kvalitetar som bidreg til identitet for innbyggjarane og området. Vidare vil synlig og usynlege kulturminna leggje rammer på kva som kan gjerast. Oversikten som er laga gir difor ein meir føreseieleg ramme for kva som kan skje.

Med unntak av Ornes stavkyrkje, er kulturminna ikkje ein direkte del av innskrivingsgrunnlaget. Dei utgjer likevel ein viktig del av opplevinga og har potensiale til å styrke området.

Tiltak og samarbeid bør difor vurderer:

- Korleis kulturminna kan verte ein ressurs for innbyggjarane
- Korleis ein forvaltar desse slik at området sin karakter vert ivareteke/styrka.

Forvaltningsnivåa innan kulturminnevernet

Kulturminneforvaltninga i Noreg er fordelt på tre forvaltningsnivå: kommunen, fylkeskommunen og Riksantikvaren. Der kommunen har ansvar for kulturminne av lokalverdi, fylkeskommunen har ansvar for kulturminner av regional verdi og har førstelinjeansvar for kulturminne av nasjonal verdi. Kulturminne frå mellomalderen er det Riksantikvaren som har forvaltningsansvaret for.

Forvaltning av nyare tids kulturminne

Heilskapen i området på Ornes har store kulturminneverdiar som det er viktig å sikre på ein god måte for framtida. I 1988 vart det gjennomført ei SEFRAK-registrering på Ornes og i den samanheng vart 18 bygningar registrert. SEFRAK-registreringa er ei registrering av bygningar frå tida før 1900 og inneber ikkje noko formelt vern av dei enkelte bygningane. Ved tiltak på bygningar frå før 1850 skal kommunen som del av si sakshandsaming, sende byggesaka til fylkeskommunen, som regional kulturminne styresmakt, for uttale. Grunna dei store kulturminneverdiane på Ornes er det eit ønskje at Luster kommune sender alle byggesaker på Ornes til fylkeskommunen for uttale.

Søknad om å endre/fjerne det som er att av bygde strukturar i landskapet som til dømes steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser må på same måte, sendast fylkeskommunen for uttale.

Forvaltning av automatisk freda kulturminne

Ved planar om tiltak på og innanfor sikringssona til gravhaugane eller Høgesteinen skal fylkeskommunen kontaktast. Unnataket for dette er ordinær skjøtsel som vert gjort kontinuerleg.

Riksantikvaren har forvaltningsansvar for Ornes stavkyrkje, mellomalder kyrkjegarden og sikringssona rundt den. Alle tiltak her må godkjennast av fylkeskommunen/Riksantikvaren før dei kan setjast i verk.

Forvaltning av kulturminne av lokal verdi

Luster kommune har ansvar for kulturminne av lokal verdi på Ornes. Det er kommunen som er mottakar av søknadar etter Plan og bygningslova, og som skal samordne desse med dei andre forvaltningsnivåa.

Automatisk freda kulturminne

Dei eldste synlege kulturminna på Ornes er gravhaugane Skiphaug og Ragnvaldshaug, i tillegg til bautasteinen Høgesteinen, desse er alle automatisk freda. Den eldste av gravhaugane er Skiphaug.




Figur 1. Ragnvaldshaug. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune 2011

Ut i frå plasseringa av Skiphaug, der den vender seg mot folk som kjem til neset, kan den sjåast på som ei territoriemarkering. Den signaliserer til folk utanfrå, at området er teke i bruk.

Ragnvaldshaug vart etablert noko seinare ca. 400-500 e.Kr.

Om lag samstundes som Ragnvaldshaug vart bygd vart det også reist ein bautastein på Ornes, Høgesteinen. Den står ved ein gamal veg opp frå fjorden mot klyngjetunet og kyrkja. Ser ein på teignamna på utskiftingskartet frå 1865 (Høgesteinholmen, Perhøgestein, Nilshøgestein) tyder det på at steinen står på sin opphavlege plass.



Figur 2. Kart som syner plassering av automatisk freda kulturminne på Ornes. Kartmateriale frå Fylkesatlas 2012.


Urnes stavkyrkje

Kyrkja er frå 1130-talet og er eit sentralt verk i norsk kunst- og kulturhistorie. Arkeologiske utgravingar under kyrkja har funne spor etter fleire tidlegare kyrkjer på staden, samt fleire graver. Funn av gravene under kyrkja, kan tyde på at Ornes var kyrkjestad så tidleg som på slutten av 900-talet. Eit av dei mest særmerka trekka ved kyrkja er nordportalen. Den stammar frå ei eldre kyrkje som sannsynlegvis har stått på same staden tidlegare. Utskjeringane på portalen er av svært høg kvalitet og syner stiliserte dyr i kamp, med samanfiltra kroppar og rankeornamentikk. Det typiske for stilen er bruk av løkker i komposisjonane, kontrasten mellom breie og smale linjer og dei flytande omrissa i motiva. I tillegg til nordportalen er det også fleire utsmykkingar frå same tid og i same stil, som er gjenbrukt som dekor. Denne særprega stilen på dekoren har ein og funne andre stadar i landet. Den har fått namnet «Urnesstilen», etter Urnes stavkyrkje.



Figur 4. Urnes stavkyrkje og nordpotalen. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nyare tids kulturminne



Figur 3 Bygningsmiljøet på Ornes er i stor Figur 22. Kart som syner plassering av freda og SEFRAK-registrerte bygningar på Ornes. Rosa trekant syner freda bygningar, raud trekant syner bygningar som er meldepliktige Kartmateriale - Fylkesatlas 2012

SEFRAK-registrering av bygningar vart gjennomført i 1988. Denne registreringa gjev ein god dokumentasjon på kva bygningar som stod på Ornes i tida før 1900 (sjå kart kap. 3.4). SEFRAK er ei registrering av bygningar frå tida før 1900. Dei fleste bygningane som er bygd før 1900 er tatt med i dette registeret. At ein bygning er registrert i SEFRAK inneber ikkje noko eige vern, men er eit varsel om at ein bør undersøkje den nærare i samband med tiltak etter plan og bygningslova.

Bygningsmiljøet

Området er prega av bygningar med tilknytning til gardsdrift, frå 1800 og 1900-talet. Etter utskiftinga i starta grunneigarane først rundt 1900 å flytta

bygningane ut av tunet og etablere egne tun i tilknytning til den jorda dei eigde. Etter at alle bruka hadde flytta ut av tunet og etablert sine egne tun har det ikkje vore gjort store endringar i plassering av bygningsmassen. I tillegg er det bygd få hus etter ca. 1950, noko som gjer at bygningsmiljøet på Ornes med dei enkelte gardstuna, får ein heilskapleg karakter.

Før utskiftinga var mesteparten av bygningane samla i det store klyngjetunet oppe ved stavkyrkja, jf. utskiftingskartet frå 1865. Etter at dei enkelte grunneigarane fekk samla jorda si, flytta dei husa sine ut av tunet til dagens plassering, og med eit tun for kvar gard. Bygningane er i den tradisjonelle vestlandske byggeskikken, og ein finn eksempel på bustadhus i både empire- og sveitserstil. Fleire av dei eldre bygningane har gjennomgått endringar i form av nye vindauga og tilbygg

Blant dagens bygningar på Ornes, er det fleire bygningsmiljø som peikar seg ut som viktige i forhold til opplevinga av landskapet rundt stavkyrkja. Dei eldre bygningane i det gamle klyngjetunet og i området rundt stavkyrkja er viktige i forhold til opplevinga av stavkyrkja. Andre bygningsmiljø som, til dømes naustrekka ved sjøen, dei tuna som er synlege frå sjøen, og i traseen frå ferjekaia til stavkyrkja er viktige for opplevinga av Ornes.



Figur 5. Naustrekka og tunet på Nedre Ornes med den karakteristiske raude driftsbygningen. Foto. Arlen Bidne/SFF 2011

Av enkelte bygningar som peikar seg ut som interessante i forhold til opplevinga av kulturlandskapet er løa på Nedre Ornes. Denne fungerer nærast som eit landemerke når ein kjem til Ornes med ferja frå Solvorn. Det er få bygningar til offentleg bruk på Ornes, ein av desse er skulehuset (sjå figur 8). Ein typisk skulebygning frå byrjinga av 1900-talet. Bustadhus i empire- eller sveitserstil, stabbur og uthus/driftsbygningar, som har ein høg grad av sitt opphavlege eksteriør intakt, er eksempel på bygningstypar på Ornes som det er interessant å bevare for framtida.

På Ornes har det i mange år vore gjort mykje forskingsarbeid på stavkyrkja. Kristian Bjerknes, Arne Berg og Knud Krogh, har alle brukt mykje tid på Ornes. Kristian Bjerknes bygde seg ei hytte nord for stavkyrkja, som etterkvart vart ein base for deira arbeid. I eit kulturminneperspektiv er denne hytta interessant då den er tett knytt til forskingsarbeidet på stavkyrkja.

Forskingsarbeid på kulturminna på Ornes

Nyare tids kulturminne er det fagområdet på Ornes det har vore gjort minst arbeid på, og som det vil være behov for å undersøkje nærare. Det bygde miljøet med bustadhus, driftsbygningar, uthus, næringsseigedomar og ferjekaia vil her være interessant for ei nærare undersøking. I 1988 vart det gjort ei SEFRAK-registrering av alle bygningar frå før 1900 på Ornes. Det er no behov for ei oppdatering av denne og ei vurdering av bygningar i området frå tida etter 1900. Dette kan med fordel gjerast som eit ledd i utarbeiding av ein ny reguleringsplan for området. Ved å lage ein ny reguleringsplan vil ein kunna velje ut dei områda med kulturminne frå nyare tid som ein ønskjer å ta vare på for framtida og sikre dei ved bruk av omsynssone med gode føresegner.